



Landbrukskontora i kommunane

Vår dato: 10.03.2014
Vår referanse: 14/8907
Dykkar dato:
Dykkar referanse:

Jordleigeprisar 2014

Det er tid for den årlege jordleigeundersøkinga som vert gjort av Statens landbruksforvaltning (SLF). Vi samlar inn informasjon om prisane på jordleige i dei ulike delane av landet. Vi håper på god oppslutning frå kommunane, slik at vi kan få eit best mogleg resultat.

I vedlagte skjema spør vi om prisar på god og dårleg jord for dei ulike produksjonane (gras, korn, grønsaker/bær og potet). Med "dårleg jord" meiner vi først og fremst jord som er i dårleg hevd (dårleg grøfting og liknande), men det kan og vere dårleg arrondert jord eller brattlendt jord.

For innmarksbeite og utmarksbeite skil vi ikkje mellom god og dårleg jord. I år har vi også tatt med kolonnar for beitekostnader per dyr. (Bruk disse dersom det er aktuelt)

Kolonnen for naturalia/motytingar kan de nytta dersom det er vanleg at utleigar tek mot kompensasjon for leige av jord i form av tenester som gjerdehald, snøbrøyting, rydding av kantvegetasjon eller liknande. I slike tilfelle må de presisera i kommentarfeltet kva slags tenester det er snakk om.

Så langt som mogleg er det dei **gjennomsnittlege leigeprisane per dekar/dyr (per år)** i dykkar kommune vi ønskjer. Dette gjeld også prisar for spesialproduksjonar, der prisane ofte er høge. SLF har informasjon om at det i enkelte områder betalast over kr 2000 per dekar for jord til spesielle produksjonar. Det er viktig at også slike prisar vert reflektert i dei prisane som vert oppgitt. Dersom det vert leigd vederlagsfritt gjev de opp kr 0. Skulle det vere spesielle tilhøve knytt til leigeprisane i kommunen, vil vi gjerne ha ein kort kommentar til dette.

Vi ber om at de fyller ut og returnerer vedlagte skjema til oss innan **tysdag 25. mars 2014**.

Resultata frå undersøkinga vert lagt ut på vår internettside www.slf.dep.no så snart dei føreligg.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing
for Statens landbruksforvaltning

Lasse Erdal
seksjonssjef

Anita L. Nordhaug
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakere:
Landbrukskontora i kommunane

Vedlegg:
Skjema jordleigeprisar 2014 nynorsk